Norheimsund

Jaakko Pernu

Tittel: “Planting”
2014

Jaakko Pernu er ein finsk skulptør, busett i Oulu. Han har arbeidd i 20 år med natur-materiale - ofte i ein overdimensjonert skala. I dei siste åra har han skapt mange offentlege stadsspesifikke verk kring om i Europa og Canada.

Greiner og trestammer som han har funne i nærleiken av områda er meisterleg vevd saman til utsøkte former. Verka vert over-lete til naturelementa som ver og vind, og over tid fungerar forfallet som ein del av arbeidet .

I mange av Jaakko Pernu sine verk hentar han inspirasjon frå barndomen. Han vaks opp på landsbygda i Øst-Finland og hjelpte far sin og byggje trebåtar. Han observerte faren sin teknikk for å manipul-ere tre for å skapa det han yngste.
Til verket i Norheimsund let Pernu seg inspirera av alle frukttrea i Hardanger.

Jaakko Pernu is a Finnish sculptor living in the city of Oulu. He has been working 20 years with natural material - often in an oversized scale. Lately he has been working mostly abroad creating many public site specific works around Europe and Canada.

Branches and trunks found near a site, expertly woven together to achieve exquisite forms. His works are typically left to the elements, and their degradation serves as an aspect of the work as they weather and decay over time.

Many of Jaakko Pernu's works derive their inspiration from his early life, growing up in rural Eastern Finland. As a child, Pernu helped his father construct wooden boats. He observed his father's technique of manipulating wood to creates.

Jaakko Pernu - Norheimsund

Mælen

Ingeborg Annie Lindahl

Tittel: “Relight my mind”
2015

På synfaringa i Hardanger valde kunstnaren ut ein kampestein eit steinkast unna riksvegen til Mælen ved Herand. Terrenget har låg furuskog og landskapet er prega av glatte berg. Da ho kom til staden var det tett tåke med lett regn, og ho seier: "det var som stedet valgte meg."

“Relight my mind” er tankar kring synet vårt på kulturlandskap vs. naturlandskap. Ein stadspesifikk intervensjon i landskapet med kopling mellom det opphøgde og det jordiske. I skjeringspunktet mellom ulike bergartar sin ibuande symbolske form og kvalitetar vert historia og menneska sitt verdihierarki synleggjort.

Surveying Hardanger, the artist chose a giant bolder, a stone's throw away from the main road to Mælen near Herand. The terrain has low pine forest, and the landscape is characterized by slippery rock. When she arrived at the place, there was thick fog with light rain, and she says: «It was as if the place chose me.»

“Relight my mind” is about thoughts on our view on cultural landscapes vs. natural landscapes. A site specific intervention in the landscape with a connection between the exalted and the earthly. At the point of intersection between the inherent symbolic form and quality of different rock types, the value hierarchy of history and humans is made visible.

Utne

Silje Solvi

Tittel: Utskurdsegl
2015
Teknikk: Utskore seglduk.

Silje arbeider med utgangspunkt i fasinasjon for gamle tekstilar. Ho har forstørra opp ein detalj av ei over 100 år gamal forklebord. Forkleet som er laga av Brita Skåltveit frå Aga, vann pris på Verds-utstillinga i Paris i 1900.

Broderi som kunstform stod sterkt på 1900-talet og hardangersaumen vart vurdert som noko av det flottaste. Hardangersaum vart òg kalla utskurd-saum fordi dei nytta ein liten kniv til å skjæra ut dei kvadratiske hola i stoffet.

Tida er òg eit viktig element i arbeidet til Silje, tida det tek å utføra eit handverk, noko som for oss i dag kan virka meir og meir fjernt.

Silje bur og arbeider på Sollesnes i Jondal kommune i Hardanger.

Her work starts out with her fascination for old textiles. Silje has enlarged a detail from an over hundred-year-old apron board. The apron witch was made of Brita Skåltveit from Aga, won a prize on the Exposition Universelle in Paris, 1900.

The embroidery as an art form was well established in the early 20th century, and the Hardanger embroidery was rated as one of the finest. The Hardanger embroi-dery was also called cutwork (utskurd-saum) because they used a small knife to cut out all the square holes in the fabric.

Time is also an important element in Siljes work, the time it takes to perform a hand-craft, something that can seem distant for us today.

Silje lives and work in Jondal, Hardanger.

Sile Solvi - Utne

Bu

Svein Nå

Tittel: Seksti sirklar
2015

Svein Nå bur på Nå i Hardanger.
Han arbeider til vanleg med tekstil, hovudsakleg biletvev i eit minimalistisk uttrykk. Han har også skapt mange kunstinstallasjonar ute i landskapet.

Svein Nå lives at Nå in Hardanger.
He usually works with textiles, mainly tapestries in a minimalistic expression.
He has also created many art installations in the landscape.